



NYTT
FRÅ
**INSTITUTT
FOR
INFORMATIKK**



Nr. 15 1. juni 2007

Innhold

Instituttseminar 7.6
Tjuveri. OBS!
Romrøkkering
Forsinka ombygging, midtfløyen
Semesteravslutning 22.6
Prestisjetidsskrift i informatikk

Instituttseminar 7.6

På instituttseminaret torsdag 7.6 får vi vitjing av
[Jorge Cardoso](#),
Universidade da Madeira

Tittel: **The Semantic Web**



Short bio: Dr. Cardoso received his Ph.D. in Computer Science from the University of Georgia, USA. He was the co-organizer and co-chair of the First, Second, and Third International Workshop on Semantic and Dynamic Web Processes and is the editor of 3 books on semantic Web and Web services. He is on the Editorial Board of the Enterprise Information Systems Journal, the International Journal on Semantic Web and Information systems, and the International Journal of Information Technology.

Dette er siste instituttseminaret dette semesteret.

Tjuveri OBS!

Instituttet har vore plaga siste par vekene av tjuveri av utstyr frå låste kontor, særleg bærbar maskiner. Vi vil skifta ein del låsar og på andre måtar prøva å hindra fleire tjuveri.

Eg vil be alle om å låsa ned eller ta med heim bærbar maskiner og andre verdigjenstandar som kan vera lette for tjuvar å ta med seg.

På dagtid har til no 4. etg og norddelen av 3. etg. hatt fri tilgang til korridorane i arbeidstida, 5.etg. og sørdelen av 3. etg. har vore låst heile døgeret.

Det kan bli aktuelt å ha avgrensa tilgangen til alle korridorar heile døgeret. Det vil vera ei ulempe på mange måtar, men må vegast opp mot ulempa med å missa meir utstyr. Om dette blir nødvendig vil vi koma attende til.

Romrokking

Vi vil flytta studiekonsulentkontoret til det noverande kopirommet. Hovudgrunnen er å få samla dei to studiekonsulentane og ekspedisjonskontoret på same gang for å letta tilgang for studentane og redusera trafikk innover i korridoren. Nytt kopirom vil bli 4122 (no kontor for Haugland). Flyttinga vil bli gjennomført i fleire steg og planen er at alt skal vera ferdig i løpet av juli.

Forseinka ombygging, midtfløyen

Stålentreprenøren har de siste par ukene hatt store problemer med framdriften (både i eget verksted og på byggeplass). Arbeidet har tilnærmet stoppet opp.

Forholdet er blitt tatt opp skriftlig og muntlig i ulike sammenhenger uten at vi har fått skikkelig respons.

Entreprenøren ble derfor innkalt til møte i dag morges, og her følger en kort oppsummering fra møtet:

-Hovedårsaken til problemene er sykefravær. Firmaet har 10 ansatte, og for tiden er 3 personer i produksjonen sykemeldt. De har i tillegg hatt korttidsfravær, bl.a. grunnet syke barn. (Vi har ingen grunn til å betvile dette, da firmaet er velrennomert og seriøst).

-Innleie av sveisere er forsøkt uten hell.

Slutt dato for prosjektet endres ikke, men vi er nå på kritisk linje og tåler ikke flere forsinkelser.

Mvh.

Odd Erling Hjøllo

Semesteravslutning 22.6

Instituttet inviterer alle tilsatte på ein trim/tur dag, fredag 22. juni.

Vi oppfordrar alle til å bruke dagen til å gå på tur eller andre aktiviteter i Byfjella.

Det blir lunsj i restauranten på toppen av Fløyen klokka 12.00 (gjeld også for dei som ønskjer å vera på jobb denne dagen).

Vi treng tilbakemelding seinast måndag 4. juni. 2007 (e-post til [Phuong Dang](mailto:Phuong.Dang@ii.uib.no):

Thanh.Dang@ii.uib.no) om kven som vil delta på lunsjen.

Drestisjetidsskrift i informatikk

Ein interessant og lesverdig artikkel om mål for kvalitet av vitskaplege tidsskrift finn ein her: http://www.arxiv.org/PS_cache/cs/pdf/0601/0601030v1.pdf

Eit vanleg mål er *impact factor* som er s/a der a er talet på artiklar i tidsskriftet siste året og s er talet på siteringar totalt til artiklar i tidsskriftet frå dei to åra før. Det er stor variasjon i *impact factor* frå tidsskrift til tidsskrift og frå dei beste tidsskrifta innan ulike fagområde. Datagrunnlaget for artikkelen er frå 2002. På topp av informatikktidsskrift var ACM COMPUTER SURVEYS med *impact factor* 7,5.

I artikkelen vert eit anna mål innført. Dette målet gir ei vekting av siteringar slik at siteringar frå gode tidsskrift tel meir enn siteringar frå mindre gode tidsskrift. Sidan "gode" blir definert ut frå dette målet får vi ein definisjon som er sjølvrefererande. Men iterasjon av definisjonen gir konvergens til stabile verdiar. Dette målet blir kalla *Weighted PageRank*.

Forfattarane argumenterer for at *impact factor* er eit popularitetsmål medan *Weighted PageRank* er eit prestisjemål. Dei ser og på produktet av dei to måla, kalla *Y-factor*. Høg *Y-factor* betyr at tidsskriftet er både populært og prestisjefyllt. Tabellen nedanfor er tatt frå artikkelen.

Rank	IF	Title	PRw × 104	Title	Y × 104	Title
1	7.50	ACM COMPUT SURV	10.08	IEEE T INFORM THEORY	62.27	BIOINFORMATICS
2	6.70	BIOINFORMATICS	9.29	BIOINFORMATICS	22.64	IEEE T INFORM THEORY
3	4.54	VLDB J	5.90	COMPUT METHOD APPL M	21.68	IEEE T PATTERN ANAL
4	3.87	IEEE NETWORK	5.67	IEEE T PATTERN ANAL	12.11	ACM COMPUT SURV
5	3.82	IEEE T PATTERN ANAL	5.48	J COMPUT PHYS	11.78	IEEE T IMAGE PROCESS
6	3.76	IEEE T MED IMAGING	4.98	COMMUN ACM	11.47	IEEE T MED IMAGING
7	3.73	IEEE INTELL SYST APP	4.95	THEOR COMPUT SCI	10.37	J ACM
8	3.61	IBM J RES DEV	4.46	IEEE T IMAGE PROCESS	9.65	J COMPUT PHYS
9	3.33	INFORM SYST	4.35	COMPUTER	8.59	IEEE INTELL SYST APP
10	3.32	J ACM	3.36	IEEE T NEURAL NETWORK	8.20	ARTIF INTEL

Table 6: The highest ranking Computer Science journals according to ISI IF, Weighted PageRank (PRw) and Y-factor.

For oss er det kjekt å sjå at tidsskrift som vi brukar fordi vi meiner at dei er gode blir identifisert som prestisjetidsskrift (lista i midten). Vi ser at *IEEE Trans. on Information theory* og *Bioinformatics* har same status innan informatikk som *Nature* og *Science* innan naturfaga (vi visste dette, men det var greit å få det dokumentert). I 2006 publiserte vi 88 artiklar i vitskaplege tidsskrift. Av desse var 10 i *IEEE Trans. on Information theory*, 2 i *Bioinformatics*, og 2 i *Theoretical Computer Science* (rangert som nr. 7 på prestisjelista).